



KOMMUNAL- OG MODERNISERINGS-
DEPARTEMENTET
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO

Dato: 20.03.2017
Vår ref.: 2016/35126-2
Saksbehandlar: evataul
Dykkar ref.:

Fråsegn til offentlig høyring av kart- og planforskrifta

Vi viser til brev av 20.12.2016 om offentlig høyring av kart- og planforskrifta. Endringane vert gjort for å få betre tilpassing til digitale planprosessar samt nokre utvida moglegheiter for framstilling av arealplanar.

Vi har merknader til høyringa, først og fremst når det gjeld regionale planar.

§4

En kommune eller statlig etat som har ansvaret for datasett i det offentlige kartgrunnlaget, skal ved utgangen av året utarbeide årsversjoner av kartgrunnlaget. Kommunene skal i tillegg utarbeide en årsversjon av planregisteret. Disse årsversjonene skal sendes til Statens kartverk.

Hordaland fylkeskommune er positive til at årsversjonar av planregister og offentlig kartverk skal sendast til Statens kartverk. Det er ein føremon at desse dataene kan nyttast til analysar når det er behov for det utifrå eit felles datagrunnlag.

§5

Kartgrunnlaget skal omfatte både fysiske og administrative forhold i kommunen, som terrengformer og grunnforhold, vassdrag og avrenningslinjer, bebyggelse og veier, vegetasjon og blågrønn infrastruktur, eiendomsgrenser, adresser og stedsnavn.

Paragrafen er utvida for å ivareta overvasshandtering som oppfølging av NOU2015:16 *Overvann i byer og tettsteder*. Overvasshandtering i kommunal planlegging vert stadig viktigare. Vi er difor positive til dette forslaget.

§ 9. fjerde ledd

Regional plan skal angis med arealsoner, overordnede hensyn og grenser, akser, linjer og punkt slik det fremgår av vedlegg II til denne forskriften.

Vi er positive til at kartdelen av regional planlegging også vert standardisert gjennom vedlegg til Kart- og planforskriften. Dette gjør arealplanlegginga vert enklare å samanlikna over fylkes- og regiongrenser. Noko som er viktig i høve til samarbeid, statistikk og oppfølging av nasjonale målsetjingar.

§ 12 første ledd og §15

En digital arealplan som statlig eller regional myndighet har utarbeidet med virkning for en eller flere kommuner, skal sendes til Statens kartverk for innføring i planregister for statlige og regionale planer.

Statens kartverk skal ha et system for teknisk forvaltning av plandatabaser som statlige og regionale myndigheter har vedtatt etter plan- og bygningsloven §§ 6-3, 6-4, 8-4 og 8-5.

Vi støtter forslaget om at arealplanar utarbeida av regional mynde skal forvaltest av staten. Det er viktig at det blir etablert automatiserte løysingar for *overføring* av plandata, for å minimere arbeidsomfang og risiko for versjonsfeil.

Merknader til vedlegg I og II

Det er viktig at det vert utarbeidd rettleiingsmateriale til forskrifta der det vert gjort greie for kva føremåla i forskrifta kan omfatta. Dette gjeld ikkje minst for regional planlegging som i liten grad har rettleiingsmateriale knytt til arealsoner og kart.

Vedlegg I

Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone

Det er foreslått endringer på reguleringsplannivå under Fiske –kode 6300. Fiskeområde er eigen kode og gytefelt er tatt inn saman med oppvekstområde for yngel. Dette er positivt, men etter vår erfaring er det trong for at dette kan visast på kommuneplannivå også. Det er viktig i forvaltninga å vite om det til dømes er kaste- og låssettingsplass eller gytefelt som er avmerka på kommuneplankartet.

Vedlegg II

Det er generelt stor trong for rettleiing av bruken av arealsoner for regional plan. Kan arealsonene kombinerast med kvarandre? Det er eit generelt spørsmål, men særleg aktuelt for oss ved planlegging i sjø.

Omsynssoner (hensynssoner) på regionalt nivå

Det er opna for bruk av regional FareSone og regional BandleggingsSone, men ikkje soner med særlege omsyn. Etter vår vurdering er det eit behov for å kunna nytta omsynssoner for særlege omsyn i ein regional plan. Jo høgare plannivå ein har, jo større er behovet for å nytta omsynssoner som skal vera retningsgivande for eit lågare plannivå. Hensikta med desse omsynssonene er ikkje å ekskludera annan bruk eller prioritere mellom sektorinteresser, slik ei arealsone vil eller kan gjera. Hensikta er derimot å indikera at det er verdiar i desse områda som det er viktig å vera klar over og ta omsyn til i den vidare planlegginga. I tillegg vil omsynssonene kunne leggjast oppå arealsonene og såleis synleggjere både *avklart arealbruk* og omsyn.

Eit eksempel på denne problemstillinga er regionalt viktige område i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Vi viser til tidlegare sendt notat om desse problemstillingane.

Punktsymbol

Punktsymbol for kollektivknutepunkt bør leggjast til. Dette er viktig i samband med regionale areal- og transportplanar.

6. Sjø og vassdrag

Følgjande arealsoner med SOSi-kode er tillate under 6.sjø og vassdrag:

Sjø og vassdrag generelt - 6001

Kystsone - 6250

Fiske - 6300

Akvakultur - 6400

Drikkevann - 6500
Naturmangfold sjø – 6630

Arealsoner Kystsone er eit uklårt omgrep og vanskeleg å skilje frå Sjø og vassdrag generelt. Ut i frå SOSI-koden ser vi at den er knytt til farlei og hamn i kommunal plan. Vi rår til at arealsona vert kalla Farlei og hamn slik at det vert eintydig kva som ligg i sona.

Ved samanlikning med kommunal plan saknar vi Friluftsområde i sjø. I Hordaland har vi regionale båtutfartsområde som ligg i sjøareal. Det burde vore høve til å vise det i regional plan.

Vi saknar også industriområde/næringsområde i sjø som er relevant for område som vert nytta til oppgradering og arbeid på boreplattformer og større skip.

Kan arealsonene dekkje både land og sjø? Dette er uklårt i forskrifta og ei problemstilling som er relevant i Hordaland med mange skjergardsområde. For kommunalt nivå har ein kombinerte føremål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone. Etter vår vurdering er dette meir aktuelt jo høgare opp i planhierarki ein kjem. Dermed er det meir relevant på regionalt nivå enn på kommunalt nivå.

Marit Rødseth
plansjef

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Sakshandsamarar:

Eva Katrine R. Taule – Planseksjonen

Snorre Waage – Planseksjonen

Torbjørn Bøe – Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland